

Til Lindås kommune

Alvermarka 6. oktober 2017

Rådmann
Ordførar
Gruppeleiarar

Oppfølging av innmeldt trafikksikringssak gjeldande for bustadfeltet Alvermarka i Lindås kommune. «Behov nye fartsdumpar i Rishaugane, Alvermarka» (9.juni 2017)

Vi visar til innsendt sak vedrørande behov for fartsdumpar i Rishaugane, Alvermarka, datert 9.juni 2017. Alvermarka Velforeining ser no behovet for å etterlyse progresjon i denne saka.

Rishaugane:

Her er og farten ofte svært stor, det manglar og veglys og fortau i denne ringvegen i bustadfeltet vårt. Svaret frå Lindås kommune i sommar var at fartsmålingar må skje på vegen Rishaugane før dei kan få på plass fartsdumpar her (sjå vedlagt skriv). Alvermarka velforeining meiner det er feil strategi. Me ser at ein del folk kører svært stygt her, men og på andre vegar i bustadfeltet vårt.

Nedre Alvermarka:

Det har i sommar vorte utført asfaltering i byggefeltet, noko vi set stor pris på. Vegane har vorte godt vedlikehaldne. I samband med dette, vart fartsdumpane som låg i det aktuelle området fjerna. Vi ber om at desse vert oppretta på same plassane som dei låg før, då det alt no vert meldt om køyring her i for høg fart.

Som pilotkommune innanfor trafikktryggleik (sertifisert i 2016) så forventar vi at Lindås kommune reagerer når vi som innbyggjarar tek opp slike tiltak som direkte har innverknad på tryggingstiltak mot dei minste og mjukaste trafikantane. Behova vi melder inn, er nøkterne, og grunna i vedtak på styremøte i Alvermarka Velforeining. Vegnettet i bustadfeltet vart oppretta på 1970-talet, og utfordringar med dagens trafikk-avvikling er innlysande.

Vi meiner det er av reelle behov for meir trafikktryggleik at etablering og re-etablering av fartsdumpar no må gjerast. Me treng ikkje fleire utgreiingar og fartsmålingar i bustadfeltet vårt for at fartsdumpar skal koma på plass. Alvermarka Velforeining synes det er viktig at folk i bustadfeltet vårt skal «føla» seg trygge når dei sender born og unge på skuleveg, til nærbutikken, naboar og venner. Trygge vegar gjer og at folk går og syklar meir i bustadfeltet vårt.

Alvermarka 6:

Alvermarka Velforeining ligg ved eit brev frå Jorun og Geir Medaas, Alvermarka 6, der dei og utrykker behov for fartsdumpar i den bratte oppstigninga (bilvegen) forbi huset deira. Dette er ein hovudveg som store deler av husstandane både på Ikenberget og i Alvermarka bruker. Det er fint om de som får dette skrivet les brevet deira som er skrive til Alvermarka Velforeining, innhaldet i det utrykker det mange i feltet føler og ser i kvardagen her. Me meiner det no må på plass fartsdumpar her slik familien Medaas tek opp i sitt skriv, kravet deira har full støtte i Alvermarka Velforeining.

Konklusjon:

Alvermarka Velforeining ber på denne måten om forståing og hjelp frå Lindås kommune til å få på plass gamle og nye fartsdumpar i bustadfeltet vårt. Styret i Alvermarka Velforeining set pris på handling, ikkje fleire utgreiingar og fartsmålingar!

Med helsing

Hans Kenneth Sundsø
Leiar i Alvermarka Velforeining